

Dato : 10.11.2004
Vår ref. : 04/1852-3/K1-024, K3-&63/
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Anne Grete Bakkene
Telefon : 61 21 61 23
Telefaks : 61 21 61 11

Sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Dok.nr.: 174
Arkivkode: 416.9	Dato: 11.11.04
Avd.: SAP	Saksbeh.: ELH
U.off.:	



Nord-Fron
kommune

Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
7855 05 05168

HØYRINGSUTTALE FRÅ NORD-FRON KOMMUNE VEDR. NOU 2004:13 OM SAMORDNING AV AETAT, TRYGDEETATEN OG SOSIALTENESTA SINE OPPGÅVER

Nord-Fron kommunestyre har i sak 59/ 04 på møte 09.11.04 vedteke følgjande høyringsuttale til NOU 2004:13.

NOU 2004:13 EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING.

Om samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta sine oppgåver.

Hovudtrekk i utgreiinga:

Det ligg føre ei utgreiing av organisasjonsmodellar for framtidig velferdsforvaltning ; NOU:13 leia av professor Jørn Rattsø. Utvalet vart sett ned i 2003 etter at Stortinget hadde sendt St.meld. 14 (2002 –2003) attende til Regjeringa utan realitetsbehandling, og Stortinget bad samstundes om ei utgreiing av ulike modellar for ein felles etat, bestående av Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta. Utgreiinga er sendt ut på høyring med frist for uttale 1.november 2004. Det er lagt opp til at avgjerd om organiseringa vil bli fatta av Regjering og Storting våren 2005.

Sjølvs om styresmaktene lenge har hatt *arbeidslinja* som nasjonal programerklæring for velferdspolitikken, har praksis det siste tiåret i stor grad vore *trygdelinja*. Talet på uførepensjonistar har på mindre enn ti år auka med 25% - frå 230.000 til 300.000, og utgiftene pr. innbyggjar i alderen 16 – 66 år til sjukepengar, rehabiliteringspengar og uførestønad er auka med 60 %, målt i faste kroner.

I forhold til organisering og vilje til iverksetting av arbeidslinja, seier utvalet at mykje tyder på at kommunesektoren har kome lengre enn statsetatane. Utgifter til økonomisk sosialhjelp og talet på mottakarar av slik hjelp har gått ned dei seinare åra (i perioden 1993 – 2002).

Kommunane har i eit samarbeid med Aetat og trygdeetaten, eller i form av reine kommunale prosjekt, satsa sterkt på aktive hjelpeformer i arbeidstiltak og arbeidstrening framfor passiv stønad.

Resultata viser difor at det er eit omfattande reformbehov i organiseringa av velferdsforvaltninga.



Rattsøutvalet foreslår ein todelt ” statleg ” organisasjonsmodell med ein statleg **etat for inntekt og arbeid** og ein statleg **pensjonsetat**. Hovudmålet er ein meir brukerretta og effektiv forvaltning, som kan få fleire i arbeid og aktiv verksemd og færre på trygd og sosialhjelp (det som også blir kalla arbeidslinja).

Etaten for arbeid og inntekt skal ha ansvar for alle ytingar og tenester retta mot personar som står i fare for å falle ut av arbeidslivet eller som treng hjelp som følgje av arbeidsløyse eller manglande arbeidsevne på varig eller midlertidig basis. Det vil seie alle Aetat sine oppgåver, alle trygdeetaten sine arbeidsretta tiltak og tenester og relaterte ytingar (m.a. dagpengar, attføringspengar, rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad, uførepensjon og sjukepengar m.m.).

Samstundes blir det foreslått innført ein ny statleg arbeidssøkjjarstønad for sosialhjelpsmottakarar som er ”reelle arbeidssøkjjarar” utan rett til dagpengar og personar med behov for arbeidsretta tiltak. Utvalet er ikkje tydeleg på om dette inneber ei oppgaveoverføring frå kommune til stat.

Pensjonsetaten får ansvar for alderspensjon, barnetrygd, kontantstøtte, fødsels og adopsjonsstønad, grunn- og hjelpestønad, refusjon av helseutgifter, administrasjon av helserelaterte tenester og oppgåver knytt til fastsetting og innkrevjing av underhaltsbidrag.

Utvalet foreslår at kommunane beheld ansvaret for den **økonomiske sosialhjelpa** og sosialkontora etter sosialtenestelova.

BRUKARPERSPEKTIVET

Eit viktig *formål med reforma* er å utvikle ei forvaltning som er betre tilpassa brukarane sitt behov. Ei heilskapleg utnytting av og tilgang til verkemidla er ein føresetnad for ei rask avklaring av behov og rask iverksetting av hensiktsmessige tiltak med sikte på tilbakeføring til arbeid.

Førstelinjetenesta skal framstå som ei teneste sett frå brukaren sin ståstad og med eit tilbod geografisk nært brukarane. Utvalet meiner at førstelinjetenesta til etaten for arbeid og inntekt så langt som mogeleg må samlokalisierast med sosialtenesta i kommunane. Etaten for arbeid og inntekt må vidareutforme ein *kontorstruktur* som tek omsyn til krav om tilgjengelegheit, kompetanse og behovet for samarbeid med andre instansar. Også når det gjeld pensjonsetaten kan ein stor del av etatens førstelinjebehov bli ivarettatt i samarbeid med kommunane og etaten for arbeid og inntekt. Det vil ikkje vil vere aktuelt å etablere ei førstelinjeteneste med eigne lokalkontor spreidd over heile landet for pensjonsetaten.

NORD-FRON KOMMUNE - VURDERING AV – OG SYNSPUNKT TIL MODELLAR SOM UTVALET DRØFTAR:

1. Ein felles etat ?

Nord-Fron kommune vil uttrykke undring over at utgreiinga sitt mandat om å utgreie eit alternativ med ein felles etat / einsarta teneste ikkje er vurdert grundig nok (tilsvarande St. melding nr. 14 2002-2003).

Kommunenenes Sentralforbund har lansert ein *kommunemodell* som i praksis kunne realisere arbeidslinja sine intensjonar. Denne modellen inneber at den utførande forvaltninga av velferdsoppgåvene lokalt blir lagt til kommunane. Noverande tenester og ytingar frå trygdekontor, sosialkontor og Aetat som er relevante for iverksettinga av arbeidslinja, blir samla i ei kommunal Velferdsforvaltning. Oppgåver som kan sentraliserast blir lagt til ein statleg Pensjonsetat.

På dei fleste andre velferdsområde – skule, eldreomsorg og primærhelseteneste – har kommunen ansvaret for gjennomføringa lokalt, mens staten har ansvar for overordna styring, kontrollfunksjonar og klagebehandling. Dette er den mest hensiktsmessige, effektive og praktiske måten å organisere ei heilskapleg velferdsforvaltning på. Med overføring av verkemiddelapparatet ville kommunane kunne bli meir handlingsdyktige.

Nord-Fron kommune meiner Rattsutvalet i for stor grad har oversett moglegheitene kommunane representerer i framtidig velferdsforvaltning.

2. Statleg arbeidssøkarstønad i høve til kommunal sosialstønad ?

Sett i høve til forslaget frå Rattsutvalet ser Nord-Fron kommune det som viktig at ei omorganisering av to store statlege etatar til nye store statlege etatar må ta omsyn til, og beskrive nærare, samordninga i forhold til kommunane.

Dette gjeld m.a. forslaget om ein ny statleg arbeidssøkerstønad der det må avklarast kvar det økonomiske ansvaret og verkemidla skal ligge. Forslaget kan føre til at sosialtenesta i kommunane vil sitte att med veldig tunge saker, og at etaten for arbeid og inntekt vil bevege seg meir mot sosialtenesta sitt verkeområde. Sjølv om dette kan avlaste det kommunale budsjettet, ser kommunale klare ulemper med ei slik oppdeling.

Det kan synast som om stadig fleire vil kome inn under statlege ordningar, og spørsmålet vi kan stille, er om desse blir avhengige av kommunal sosialstønad i tillegg. Generelt vil det vere mest hensiktsmessig at både det økonomiske ansvaret og bruk av verkemidla bør ligge på ein etat, for på denne måten å unngå delt ansvar og ansvarspulverisering.

Det er viktig å vere klar over at sosialtenesta inneheld fleire tenestetilbod, at tenesta er ein del av ei heilskap og i dag fungerer som eit bindeledd mellom stat og kommune. Sosialtenesta har såleis ein utfordrande og viktig funksjon, og samarbeidslinene slik vi har desse i dag fungerer lokalt veldig bra.

Nord-Fron kommune meiner utvalet kunne ha vurdert nærare moglegheitene for at kommunane kunne få tillagt ansvaret for alle tiltak og ytingar knytt til arbeidsmarkedet.

3. MÅLA FOR OG ORGANISERING AV FØRSTELINJETENESTA.

Nord-Fron kommune er samd i forslaget om ei *felles førstelinjeteneste* (mellom dei to statlege etatane og kommunen). Brukarane kan då halde seg til eitt lokalt kontaktpunkt som sikrar at dei får nødvendig avklaring og eit samordna arbeidsretta tenestetilbod.

Vi meiner at det i tillegg til sjølvve førstelinjetenesta er viktig at etatane med sin tverrfaglege kompetanse er mest mogeleg fysisk / kontormessig samla, slik at samarbeid blir enklare, og at kvaliteten på tenestene blir god. Dette er særleg viktig i høve til den organiseringa som utvalet foreslår, dvs. ei løysing som framleis baserer seg på to statlege etatar og sosialtenesta i kommunane.

Dette kan føre til meir sentraliserte løysingar, men med endringar i kommunestrukturen, på kort eller truleg lengre sikt, vil oppbygging av større fagmiljø vere rett – både av omsyn til brukarane og ikkje minst for å oppretthalde / utvikle tilfredsstillande kompetansemiljø i regionane.

Brukarane vil dra nytte av dette, samstundes som ulempene for ein del kan vere lengre reiseavstand til hjelpeinstansen. Nokre av ulempene ved ei meir sentralisert løysing vil kunne reduserast ved bruk av kontordagsordningar og IKT-løysingar lokalt, i samarbeid med kommunane. For mange brukarar som har behov for enklare tenester vil dette vere ei tilfredsstillande løysing.

For ei brukarretta utforming av førstelinjetenesta meiner Nord-Fron kommune at det må skje ei avveging mellom omsynet til geografisk nærleik og moglegheitene for å etablere sterke fagmiljø med spesialkompetanse.

Nord-Fron kommune, 27.oktober 2004.

Behandla i formannskapet i møte 9.november 2004, sak 59/2004.

Med helsing


Anne Grete Bakkene
kontorsjef

Vedlagt Kopi:

1. Kopi av møtebok formannskapssak 59/04 i Nord-Fron kommune.